

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: Sola Strand Hotel

MØTETIDSPUNKT: 15.02.2023, KL. 0900 – 1600

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Olin Johanne Henden	Nestleiar
Anne Karin Hamre	Medlem
Oddvar Kaarbøe	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Tord Anton Haaland	Medlem
Egil Olsen	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Marie Skontorp	Medlem
Atle Lunde	Observatør

Deltakarar frå administrasjonen

Ivar Eriksen, fung. administrerande direktør

Synnøve Odden Teigelid, fung. økonomi- og finansdirektør

Hilde Christiansen, direktør medarbeidar, organisasjon og teknologi

Bente Aae, kommunikasjonsdirektør

Erik M. Hansen, e-helse direktør

Bjørn Egil Vikse, fagdirektør

Randi Nisja Heskestad, rådgivar

Sak 001/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Dagsorden:

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse.

Sak 009/23 Forprosjekt og revidert forprosjekt for byggetrinn 2 ved Haugesund sjukehus, var flytta til kl. 13.15.

Det var to nye punkt under AD si orientering:

- Spørsmål frå styremedlem knytt til arbeidstid og kompensasjon for vakter for sjukepleiarar.
- Orientering frå administrasjonen om leverandør innanfor radiologi.

Forfall:

Det var ikkje meldt om forfall til møtet.

Dokument som er ettersendt:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt:

- Sak 012/23 Regional beredskapsplan for Helse Vest
- Drøftingsprotokoll frå sak 6-12-17.

Saker til eventuelt:

Det var ingen saker meldt til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Innkalling og dagsorden blei godkjent.

Sak 002/23 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 06.12.22 og 07.12.22.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 06.12.22 og 07.12.22.

Sak 003/23 Administrerende direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Styret ønsker å få lagt seg føre ei kort orientering om status knytt til Statsforvaltaren i Vestland sitt tilsyn med habiliteringstenesta for barn og ungdom (HABU) i Helse Bergen HF til styremøtet i april 2023.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Administrasjonen planlegg ein felles høyringsuttale i høyringa knytt til *NOU 2023: 4 Tid for handling. Personellet i en bærekraftig helse- og omsorgstjeneste*. Styret vil få lagt seg føre høyringsuttalen før styremøtet i april 2023.

4. Regionale planar under arbeid

Administrasjonen viste til utsendt notat.

5. Status beredskap

Fungerande administrerende direktør gjorde greie for status knytt til beredskap i sjukehusa. Det har vore eit høgt pasientbelegg dei siste to månadene, mellom anna på grunn av RS-virus, influensa og Covid. Sidan toppen i romjula har det vore ein nedgang i tal på innlagte med desse tilstandane. Per no er ingen av sjukehusa i Helse Vest i beredskap. Administrasjonen følgjer situasjonen tett, og FHI ventar nye Covid-bølgar før sommaren 2023.

Vidare blei det orientert om eit godt regionalt samarbeid om ordninga Medevac, der pasientar frå Ukraina blir transportert til Noreg. Det regionale samarbeidet blir koordinert frå Helse Bergen, og ordninga blir koordinert nasjonalt frå Oslo universitetssykehus. 41 pasientar er så langt teke i mot i Helse Vest per januar 2023.

6. Kjøp av helsetenester

Fungerande administrerende direktør og fagdirektør orienterte om status knytt til kjøp av helsetenester. Administrasjonen har ein tett dialog med dei ulike leverandørane. Ein valde å avlyse konkurransen innanfor spesialisert rehabilitering i 2022. Vidare har ein avgjort at ein ikkje vil lyse ut konkurranse for kjøp av kirurgiske tenester frå 2023. Dette fører til at helseføretaka må auke poliklinisk kapasitet i nokon grad for å vurdere overførte pasientar. Det er fordelt ekstra midlar til helseføretaka i ramma (jf. budsjettsak desember 2022).

Styret bad om å få lagt seg føre ei orientering om status i saka, tentativt til styremøtet i juni 2023.

7. Unntaksordninga – Nye metodar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

8. Spørsmål frå styremedlem knytt til arbeidstid og kompensasjon for vakter for sjukepleiarar

Direktør medarbeidar, organisasjon og teknologi gjorde kort greie for bestemmingar i tariffavtalane og kompensasjon i føretaka.

9. Orientering frå administrasjonen om leverandør innanfor radiologi

Fungerande administrerende direktør orienterte om ei sak der ein leverandør innanfor radiologi Helse Vest har avtale med har sendt bilde ut av landet for tolking.

Administrasjonen følgjer opp saka.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 004/23 Rapportering frå verksemda per november og desember 2023

Oppsummering

Målekort (Økonomi per november)

Målekort Helse Vest - desember 2022		Nasjonale mål	Denne periode		Mål oppnåelse	Hittil i år		Mål oppnåelse
			Faktisk	Mål HV		Faktisk	Mål HV	
Kvalitet	Ventetid - somatikk	60	64	50	66	50		
	Ventetid - PHV	45	40	40	48	40		
	Ventetid - BUP	40	50	35	54	35		
	Ventetid - TSB	35	28	30	28	30		
Andel kontakter passert planlagt tid		13,80 %						
* Pakkeforløp kreft - andel behandlet innen standard forløpstid - alle behandlingsformer		69 %			70 %			
Korridorpasienter somatikk		1,60 %						
Aktivitet:			Tall i fjor	Endring mot fjoråret		Tall i fjor	Endring mot fjoråret	
Somatikk	Døgnopphold	13 949	13 263	5,2 %	163 954	161 979	1,2 %	
	Dagopphold	3 827	3 744	2,2 %	50 060	50 447	-0,8 %	
	Poliklinikk	95 888	106 080	-9,6 %	1 335 766	1 331 993	0,3 %	
Psykiatri	Døgnopphold	763	823	-7,3 %	10 072	9 963	1,1 %	
	Dagopphold	93	63	47,6 %	1 105	892	23,9 %	
	Poliklinikk	35 740	36 320	-1,6 %	495 598	488 695	1,4 %	
TSB	Døgnopphold (ekskl. private)	131	117	12,0 %	1 484	1 458	1,8 %	
	Dagopphold	2	0	-200,0 %	18	15	20,0 %	
	Poliklinikk	6 501	6 703	-3,0 %	89 367	96 091	-7,0 %	
Bemanning	Brutto månedsverk	24 883	24 397	2,0 %	24 724	24 100	2,6 %	
	Sykefravær	5,5 %	9,8 %	8,6 %	8,6 %	7,8 %		
Økonomi	Resultat	Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap	Budsjett	Avvik	
		425 929	68 243	357 686	416 111	619 040	-202 929	

Ventetider innan somatikk og psykisk helsevern barn og unge er framleis godt over måltala. For psykisk helsevern vaksne og tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB), er Helse Vest innanfor de regionale måltala på høvesvis 40 og 30 dagar.

Prioriteringsregelen blei ikkje oppnådd innan TSB, medan den polikliniske aktivitetsveksten er høgare innan psykisk helsevern enn somatikken når ein samanliknar den polikliniske aktiviteten i 2022 med 2021.

Føretaka har innarbeidd midlane som kom i nysalderingsproposisjonen i rekneskapane sine, og resultatet til føretaksgruppa er difor vesentleg forbetra sidan førre rapportering. Per november er resultatavviket framleis negativt, og årsakene til avvik under budsjett er framleis til stades. Dei negative budsjettavvika relaterer seg i stort til auke i løns- og prisvekst, løn- og personalkostnader som følgje av sjukefråvær og vanskar i rekruttering og høge energikostnader. Føretaka har i haust jobba med tiltak for å redusere budsjettavvika, og både tiltaka og arbeidet fortsett inn i 2023.

Situasjonen til helseføretaka er framleis krevjande, og det vil vere tett oppfølging og dialog mellom leiinga i føretaka og Helse Vest RHF om den økonomiske situasjonen også i månadene som kjem. Det er nødvendig for evna til å finansiere investeringar at føretaka forbetrar sine resultat. Det er derfor særskilt viktig å prioritere gjennomføringa av riktige tiltak, og sikre god oversikt over økonomiske effektar som følgje av disse i tida framover og inn i 2023.

Det vil framover vere viktig å støtte helseføretaka i å få til ein lenger planleggingshorisont. Vidare må det leggjast til rette for at fagmiljø kan ta i bruk video- og telefonkonsultasjonar i større grad. Det går føre seg eit arbeid som skal bidra til å auke bruken av etablerte løysingar innanfor digitale helsetenester.

Styret la vekt på at ein må ta høgde for at ein del pasientar ikkje klarer å nyttiggjere seg av digitale helsetenester, og at desse gruppene må få ordinære tenester.

Styret ønskja å få ei betre forståing av vekst i personell frå 2019 – 2022, og korleis veksten er fordelt mellom ulike yrkesgrupper. Styret bad om å få lagt seg føre eit kort notat om dette.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. desember 2022 til etterretning.

005/23 Gjennomføring av kapitalinnskot i helseføretaka

Oppsummering

Helse Vest RHF har gjennom det samla budsjettopplegget lagt opp til positivt resultat over fleire år. Dette gir grunnlag for å kunne handtere risiko samt gi moglegheit til å gje interne lån til investeringar i helseføretaka.

Helseføretaka gjennomfører no store byggeprosjekt og har som følgje av dette tatt opp lån, både lån frå staten og interne lån frå Helse Vest RHF. Samtidig har Helse Vest RHF likvide midlar som kan nyttast til å redusere gjeldsbelastninga i helseføretaka og såleis redusere rentekostnaden til helseføretaka.

Det er derfor no ønskeleg å redusere gjeldsbelastninga i helseføretaka gjennom å foreta eit kapitalinnskot frå Helse Vest RHF til helseføretaka med totalt 2 mrd. kroner i 2023. Kapitalinnskotet blir fordelt etter inntektsmodellen og skal nyttast til å nedbetale allereie tildelte interne lån. Resten av kapitalinnskotet kan bli brukt til å nedbetale delar av gjeld på statslån som er gitt frå Helse Vest RHF til helseføretaka. Helse Vest RHF vil framleis oppretthalde låna mot staten.

Administrerande direktør vil med basis i dette saksframlegget tilrå følgjande forslag til vedtak:

- Kapitalinnskotet tilsvarende 2 mrd. kroner blir fordelt til føretaka i tråd med inntektsmodellen, jf. styresak 129/19. Kapitalinnskotet blir som følgjer:*

<i>Helse Stavanger</i>	<i>572 mill. kroner</i>
<i>Helse Fonna</i>	<i>294 mill. kroner</i>
<i>Helse Bergen</i>	<i>900 mill. kroner</i>
<i>Helse Førde</i>	<i>234 mill. kroner</i>

- Kapitalinnskotet blir handtert i tråd med den praktiske gjennomføringa som kjem fram av denne saka.*

Vedtak (samrøystes)

1. Kapitalinnskottet tilsvarande 2 mrd. kroner blir fordelt til føretaka i tråd med inntektsmodellen, jf. styresak 129/19. Kapitalinnskottet blir som følgjer:

Helse Stavanger	572 mill. kroner
Helse Fonna	294 mill. kroner
Helse Bergen	900 mill. kroner
Helse Førde	234 mill. kroner

2. Kapitalinnskottet blir handtert i tråd med den praktiske gjennomføringa som kjem fram av denne saka.

Sak 006/23 Konsernbudsjett 2023, investeringsbudsjett og likviditetsbudsjett og justering av inntektsramma til helseføretaka

Saka var drøfta med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Oppsummering

Styret i Helse Vest behandla i møtet den 7. desember 2022 sak 120/22 Inntektsfordeling og resultatkrav 2023. Det er saka frå desembermøtet som gir ei utfyllande utgreiing av dei ulike budsjettpostane som ligg til grunn for inntektsramme og resultatkrav 2023.

Denne saka tar opp i seg endringar i inntektsramma som følgjer av oppdragsdokumentet frå HOD som ikkje var innarbeidd i saka om inntektsfordeling 2023. I tillegg er det nokre postar som ikkje var fanga opp i sak 120/22 B som no er innarbeidd i oppdatert inntektsramme for 2023 til helseføretaka.

Denne saka omhandlar og konsernbudsjett, investeringsbudsjett med finansieringsgrunnlag og likviditetsbudsjett for 2023.

I styresak 120/22 vart det fastsett følgjande inntektsramme og resultatkrav for 2023:

Inntektsramme:

INNTEKTSFORDELING 2023	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds- plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	1 986 799	903 169	3 083 972	610 665	336 479	-	6 921 084
SUM, basisramme fordelt etter modell	5 504 836	2 818 737	7 911 927	2 400 432			18 635 932
Resultatbasert finansiering	41 782	17 559	66 865	13 294			139 500
SUM, basisramme fordelt utanfor modell	498 092	208 399	1 348 387	99 029	636 591	3 747 016	6 537 515
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	7 955	2 348	161 841	1 656	0		173 800
SUM, inntekt 2023 fordelt frå RHF	8 039 464	3 950 213	12 572 991	3 125 076	973 071	3 747 016	32 407 831

Resultatkrav:

Dei økonomiske rammene som ligg til grunn i statsbudsjettet for 2023 er særst stramme og ikkje tilstrekkelege for å oppretthalde tidlegare fastsette resultatkrav frå sak om førebels inntektsfordeling 2023.

Helseføretaka har med basis i sak 120/22 behandla og vedtatt sine budsjett for 2023 i dei respektive styra i desember og januar. Innretninga på budsjetta er særst krevjande og innehar ein relativt stor risiko. Føretaka må halde trykk og framdrift på dei tiltaka som er jobba med i 2022. Men det vil og vere behov for å gjennomføre og få effekt av ytterlegare tiltak i 2023. Dette blir det viktig å ha ein tett oppfølging av utover året.

Resultatkravet i føretaka er som følgje av dei økonomiske rammene no sett tilnærma til eit balanseresultat. For å handtere risiko samt heilt nødvendig likviditet til investeringsprosjekt, er resultatkravet i RHF-et sett til 350 mill. kroner. Det er ikkje innarbeidd nokon reserve i tillegg til dette resultatkravet.

Justert resultatkrav for 2023 blir med basis i budsjettbehandlingane i helseføretaka og dei økonomiske rammene som no føreligg frå Staten, føreslått som følgjer:

Konsernbudsjett	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2023	10 000	0	0	0	9 000	1 000	350 000	370 000

Oppdatering av inntektene frå staten samt forslag til endringar i inntektsramma til helseføretaka er nærmare omtalt nedanfor i denne saka. Budsjetterte resultat i føretaksgruppa er med dette for låge til å gje berekraft til nye større investeringar. Det er derfor viktig ha fokus på tiltak for å betre resultatane mest mogleg både i 2023 og i åra framover.

Oppdatert inntektsramme til helseføretaka blir føreslått som følgjande:

INNTEKTSFORDELING 2023	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds- plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	1 986 799	903 169	3 083 972	610 665	338 185	-	6 922 790
SUM, basisramme fordelt etter modell	5 555 338	2 827 490	7 918 731	2 402 941			18 704 499
Resultatbasert finansiering	41 771	17 555	66 846	13 290			139 461
SUM, basisramme fordelt utanfor modell	5 21 496	209 161	1 357 376	99 548	646 429	3 691 362	6 525 371
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	7 955	2 348	161 241	1 656	0		173 200
SUM, inntekt 2023 fordelt frå RHF	8 113 358	3 959 722	12 588 165	3 128 099	984 614	3 691 362	32 465 321

Oppdatert oversikt over detaljer relatert til inntektsramme 2023 og kjøp av helsetenester for 2023 ligg som vedlegg til denne saka.

Det har gjennom ei pressemelding frå Regjeringa den 13.02.2023 komme informasjon om at Regjeringa vil foreslå ein budsjettauke på 2,5 milliardar kronar til sjukehusa i Noreg i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2023. Dette kom etter at saksunderlaget til denne saka blei sendt, og er av den grunn ikkje innarbeidd i saka. Det er venta at auken vil gi lågare risiko i budsjetta slik dei no ligg føre. Den venta budsjettauken vil ikkje dekke pris- og lønsvækst, og ein må framleis ha fokus på å betre resultatnivåa i 2023.

Administrasjonen foreslår at ein har dialog med helseføretaka med tanke på moglegheiter for å justere resultatkrav i perioden fram til revidert nasjonalbudsjett blir lagt fram i juni 2023. Saka vil bli tatt opp i direktørmøtet våren 2023. Styret finn at det gitt dei aktuelle høva er forsvarleg å leggje opp til ein slik prosess, og tar inn eit nytt punkt 10 i vedtaket der det går fram at justert resultatkrav for 2023 blir fastsett i styresak om revidert nasjonalbudsjett i styremøte i juni. Styret ber om ei løypemelding om arbeidet i april 2023.

Administrasjonen legg vidare opp til styrebehandling av lånesøknadar i styremøtet i juni 2023, når ein kjenner innhaldet i revidert nasjonalbudsjett.

Vedtak (samrøystes)

1. Inntektsramme for 2023 som blei vedtatt under sak 120/22 blir justert i tråd med endringane som følgjer av tabellen under (i heile tusen):

Endringar i inntektsramma for 2023 vs. styrsak 120/22 (heile tusen kroner)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	HDS	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2023 - sak 120/22	8 036 350	3 953 327	12 569 781	3 128 287	973 071	3 747 016	32 407 832
Justeringar av inntektsramme frå staten:							
Endring RBF	-12	-5	-19	-4			-39
Behandling av sesksuallovbruddsdømde	3 114	-3 114	3 211	-3 211		0	0
Hjemmestester livmorhalsprogrammet	157	85	206	52		-500	0
Endring øremerka tilskot							
Tannhelseteneste i sjukehus			-600				-600
Barnepalliative team						5 700	5 700
Turnustjeneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar						345	345
LIS 1 stillingar						50 414	50 414
Forskning og medisinske kompetansesentra						-37	-37
Endringar i inntektsfordelinga							
Oppdatering inntektsramme	51 749	9 429	8 670	2 975			72 823
Vestlandslegen SUS	22 000	0	0	0	0	-22 000	0
Beredskapslager B180						-11 000	-11 000
Interne gjestepasienter (10% påslag)			6 917				6 917
Oppdatering av feil i fordelingen i desembermøtet					11 543	-3 000	8 543
TSB						-61 929	-61 929
Regionale og nasjonale fellesprosjekt/satsingar						-12 515	-12 515
Fagnettverk flyttet ut av prosjekt (skal fordeles til HF)						7 100	7 100
Satsingar som blir fordelt seinare						-1 837	-1 837
Regionale og nasjonale fellesprosjekt						-1 000	-1 000
Renteinntekt						-5 000	-5 000
Administrasjon						-395	-395
							0
Sum endringar	77 008	6 396	18 385	-187	11 543	-55 654	57 490
Oppdatert inntektsfordeling 2023	8 113 358	3 959 723	12 588 166	3 128 100	984 614	3 691 362	32 465 322

2. Justert inntektsramme fordelt per helseføretak:

INNTEKTSFORDELING 2023	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds-plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	1 986 799	903 169	3 083 972	610 665	338 185	-	6 922 790
SUM, basisramme fordelt etter modell	5 555 338	2 827 490	7 918 731	2 402 941			18 704 499
Resultatbasert finansiering	41 771	17 555	66 846	13 290			139 461
SUM, basisramme fordelt utanfor modell	521 496	209 161	1 357 376	99 548	646 429	3 691 362	6 525 371
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	7 955	2 348	161 241	1 656	0		173 200
SUM, inntekt 2023 fordelt frå RHF	8 113 358	3 959 722	12 588 165	3 128 099	984 614	3 691 362	32 465 321

3. Resultatkravet for 2023 blir fastsett som følgjer:

Konsernbudsjett	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukhus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2023	10 000	0	0	0	9 000	1 000	350 000	370 000

4. Investeringsbudsjettet for 2023 blir fastsett som følgjer:

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	TOTAL
Bygg - tilgjengelig ramme	2 794 661	210 000	1 237 000	600 100	13 000	30 000		4 884 761
Medisinteknisk utstyr	258 803	15 000	173 000	12 500				459 303
IKT						568 275		568 275
Anna	84 758	10 000	165 000	8 600	35 200			303 558
Sum investeringar 2023	3 138 222	235 000	1 575 000	621 200	48 200	598 275	0	6 215 897

Det kan bli aktuelt å justere investeringsbudsjettet i helseføretaka etter at resultatet for 2022 er endeleg klarlagt. Dette må i så fall skje innanfor gjeldande investeringsregime og bli behandla av styret i dei respektive føretaka. Framdrifta på investeringane må styrast i tråd med tilgjengeleg likviditet i helseføretaka.

- Administrerande direktør kan foreta nødvendige mindre omdisponeringar av budsjettpostane innanfor den totale budsjettamma.
- Utbetaling av innvilga interne lån blir vurdert opp mot behov for tilgjengeleg likviditet.
- Nye interne lån blir saksbehandla etter søknad og lagt fram for styret i juni-møtet.
- Styret ber helseføretaka om å avdekke alle risikoområde for å nå resultatkravet og sørge for at det er sett i verk tiltak med tilstrekkeleg omfang, med god kvalitet og at tiltaka er fordelt ned på lågaste nivå med ansvarleg leiar.
- Budsjetterte resultat i føretaksgruppa er for låge til å gje berekraft til nye større investeringar. Styret vil derfor understreke at det blir viktig å gjennomføre tiltak for å betre resultatata mest mogleg både i inneverande år og i åra framover.

10. Justert resultatkrav for 2023 blir fastsett i styresak om revidert nasjonalbudsjett i styremøte i juni.

Sak 007/23 Budsjett 2023 for Helse Vest RHF – administrasjonen

Oppsummering

Forslaget til administrasjonsbudsjett for 2023 blir lagt fram innan den kostnadsramma som er føreslått under styresak 006/23 Konsernbudsjett 2023.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret vedtok budsjett 2023 for administrasjonen til Helse Vest RHF.
2. Styret vedtok budsjett 2023 for internrevisjonen i Helse Vest RHF.

Sak 008/23 Sal av eigedom i Cecilie Tvedts gate 9, 10 og 12, Helse Stavanger HF

Oppsummering

Helse Stavanger HF eig tre bustadblokker i nærleiken av sjukehuset på Våland. Dei ønskjer å selje dei og nytte frigjorte midlar frå salet til å gjere naudsynte investeringar på Våland i den delen av eigedomen som skal nyttast av sjukehuset etter 2024 og eventuelt på Nye SUS for tiltak som ikkje er ein del av byggjeprojektet.

Det blei peika på at styret, ved å gi si tilslutning til sal, gir styret i Helse Stavanger HF ei moglegheit til å avhende eigedommen dersom den omfattande prosessen som skal gå føre seg fram mot eit eventuelt sal fører fram til at sal kan gjennomførast. Styret i Helse Stavanger HF står likevel fritt til å velje å ikkje selje dersom det skulle vere grunnar som talar mot sal etter denne prosessen.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til sal av eigedomen Cecilie Tvedts gate 9,10 og 12, gardsnummer 22 bruksnummer 21 i Stavanger kommune.
2. Styret føreset at eigedomen blir lagt ut for sal på den opne marknaden og at frigjorte inntekter blir nytta til investering i varige verdiar eller til nedbetaling av gjeld.
3. Styret i Helse Vest RHF ber om at saka blir send føretaksmøtet i Hele Vest RHF med førespurnad om samtykke til sal, jf. helseføretakslova § 31.

4. Under føresetnad av at eigar i føretaksmøtet gir sitt samtykke til sal blir det gjennomført føretaksmøte i Helse Stavanger HF, for formelt å vedta sal, jf. lov om helseføretak § 31.

009/23 Forprosjekt og revidert forprosjekt for byggetrinn 2 ved Haugesund sjukehus

Oppsummering

Styret i Helse Vest har ved fleire høve behandla utbygging av Haugesund sjukehus i Helse Fonna. Utbygginga er delt i to byggetrinn. Utbygginga av byggetrinn 1 starta i 2018 og nybygget stod ferdig i tråd med planen august 2021. Ombyggingsdelen av byggetrinn 1 starta opp september 2021 og blei ferdigstilt som planlagt hausten 2022.

Helse Vest RHF har berre sluttbehandla byggetrinn 1. Opphavelag var start av byggetrinn 2 planlagt i 2030 og skulle bli behandla som eiga sak.

I 2020 vurderte Helse Fonna at det var grunnlag for å framskande byggetrinn 2 med bakgrunn i endra føresetnadar. I denne samanhengen blei konseptrapporten frå 2016 revidert som grunnlag for ny vurdering av utbyggingsalternativ for byggetrinn 2.

Byggetrinn 2 ved Haugesund sjukehus i Helse Fonna er no ført fram til eit forprosjekt. Forprosjektet bygger på tidlegare arbeid med utviklingsplan, idefaser rapport og konseptrapport.

Forprosjektet har følgd opp tilbakemeldingane i den eksterne kvalitetssikringa (KSK) av den reviderte konseptfaser rapporten. Det er gjort nokre endringar etter konseptfasen som følgje av arbeidet i prosjektet, råd frå rådgjevarane og den tekniske avdelinga.

Det er og gjennomført ei evaluering etter byggetrinn 1. Denne evalueringa har gitt verdifull informasjon som er tatt med i forprosjektet.

Helse Fonna har revidert forprosjektrapporten i tråd med vedtaket i styret til Helse Vest RHF, jf. styresak 119/22 *Justert Økonomisk langtidsplan 2023 - 2027*. Den nye framdriftsplanen tar omsyn til den økonomiske berekrafta til føretaket, også tatt i betraktning budsjett for 2023 og prognose 2022.

Kostnadsramma for byggetrinn 2 ved Haugesund sjukehus er sett til 1,032 mrd. kr. Kostnadsramma er fastlagt med utgangspunkt i P85-estimatet frå usikkerheitsanalysen. Prosjektet er tildelt lån på statsbudsjettet, 70 % av den totale investeringskostnaden.

Revidert forprosjektrapport for byggetrinn 2 ved Haugesund sjukehus med tilhørende revidert framdriftsplan og budsjett er sendt til Helse Vest RHF for vidare behandling og saka blir her lagt fram for styret i Helse Vest RHF.

Styret støttar fokuset prosjektet har på risiko og risikohandtering. Vidare er ein opptekne av at det finst moglegheiter for å justere framgang/stoppe undervegs, og at det ligg føre gode planar for å betre bereevna i Helse Fonna HF.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest RHF godkjenner forprosjektrapport for byggetrinn 2 ved Haugesund sjukehus og revidert forprosjekt for byggetrinn 2 med tilhørende framdriftsplan og budsjett.
2. Kostnadsramma for byggetrinn 2 blir sett til 1,032 mrd. i 2022 kroneverdi.
3. Helse Fonna må sikre at prosjektet er organisert og styrt slik at byggetrinn 2 kan gjennomførast innanfor kostnadsramma og med forventa kvalitet.
4. Det er ein føresetnad at framdrifta i prosjektet blir styrt innanfor tilgjengeleg likviditet. Dersom planlagt økonomisk resultat i føretaket endrar seg negativt må det gjerast nødvendige tilpassingar i investeringsplanen.
5. Helse Fonna må vidare sikre gode prosessar i eigen organisasjon for å hente ut driftsmessige gevinstar som bidreg til framtidig økonomisk og finansiell berekraft.

Sak 010/23 Innleiing til årleg melding 2022

Oppsummering

Kvart år leverer Helse Vest RHF ei årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet, som er ei rapportering på dei krav og føringar som Helse- og omsorgsdepartementet har formidla gjennom oppdragsdokument og protokoll frå føretaksmøte.

Årleg melding frå Helse Vest RHF vil bli lagt fram for styrebehandling i styremøte den 22. mars 2023. Førre året bad styret om å få moglegheit til å gje innspel på innleiinga av meldinga, der hovudbodskap og hovudaktivitetar gjennom året er summert opp.

Innspel frå styret:

- Styret ber om at ein skriv noko om at den framleis krevjande økonomiske situasjonen.
- Styret ønskjer at ein tar inn noko om det høge nivået av investeringar i fysisk infrastruktur, og korleis ein sikrar økonomisk berekraft til å drive bygga i fortsettinga. Under dette bør ein mellom anna nemne organisatoriske endringar og digitalisering. Styret ønskjer at førebuingar til dette blir gjort i god tid før ein tar i bruk nye bygg. Dette har samanheng med punkt over om den økonomiske situasjonen, og kan med fordel nemnast i forlenginga av dette.
- Styret ønskjer at viktigheita av føreseielege rammer kommer fram.

Vedtak (samrøystes)

Styret ber om at dei innspela som kom fram i møtet, blir innarbeidd i årleg melding for 2022.

Sak 011/23 Styret sine innspel til Styrets beretning 2022

Oppsummering

Kvart år leverer Helse Vest RHF årsrapport for verksemda, som er sett saman av styrets beretning og årsrekneskapen. I tillegg blir det lenka til erklæring om likestilling og rapport om samfunnsansvar, i tråd med føringane for dette.

Styrets beretning frå Helse Vest RHF vil bli lagt fram for styrebehandling i styremøte den 22. mars 2023. Førre året bad styret om å få gje innspel til beretninga.

Innspel frå styret:

- Styret meiner at dei tre temaa som blei løfta fram knytt til årleg melding 2022 også er relevante for styrets beretning 2022:
 - Den framleis krevjande økonomiske situasjonen.
 - Investeringar i fysisk infrastruktur, og korleis ein sikrar økonomisk berekraft til drift.
 - Viktigheita av føreseielege rammer.
- Styret foreslår at ein løftar fram at alle medarbeidarar har gjort ein svært viktig innsats i ei krevjande tid.
- Styret foreslår at ein kan løfte fram at trongare økonomiske føresetnadar gjer at ikkje alle forventningar og krav kan bli innfridd.

Vedtak (samrøystes)

Styret ber om at innspela til styrets beretning i årsrapporten for 2022 blir tatt til følge i den vidare prosessen fram mot endeleg styrebehandling den 22. mars 2023.

Sak 012/2 Regional beredskapsplan for Helse Vest

Vedlegg til saka er u.off. jf. offl. §24.

Saka var drøfta med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Oppsummering

Regional helseberedskapsplan for Helse Vest er revidert. Formålet med den regionale helseberedskapsplanen er å gjennom eit felles rammeverk gi grunnlag og føringar for å handtere ein beredskapshending/krise på best mogleg og samordna måte både regionalt og lokalt. Planen skal slik bidra til å verne om liv og helse og sikre befolkninga nødvendige spesialisthelsetenester ved kriser og større uønskete hendingar, både i fredstid og i krig.

Den regionale planen utgjer slik rammeverket for utarbeiding av lokale planverk, og legg føringar for ei einsarta og heilskapleg tilnærming til beredskap i regionen.

Regional helseberedskapsplan for Helse Vest er generisk og tenkt å skulle gjelde for alle typar hendingar. Det vil i tillegg bli utarbeidd fleire del-planar underordna den regionale helseberedskapsplanen. Del-planar er aktuelt for alle områder der det er behov for meir spesifikke avklaringar og føringar for aktuell hendingstype enn det den generiske hovudplanen kan gjere greie for.

Revidert Regional helseberedskapsplan for Helse Vest er ikkje tidsavgrensa, men vil vere i kontinuerleg forbetring. Dette vil vere i tråd med forskrift om leiings- og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta og metodikken til Neste Generasjon Plan (NGP) i Helse Vest. Det er utarbeidd retningslinjer for endring og revidering av planen med vedlegg.

Styret er opptekne av kva som er rolla til styret i eit regionalt helseføretak i arbeidet med beredskap og beredskapsplanar. Det blei frå administrasjonen si side peika på at styret si oppgåve er å sjå til at ein har ein gjeldande plan, og at planen følgjer dei krav og føringar som går fram av lovverket. Det er viktig å vere klar over at arbeidet med planverk innanfor beredskap er å sette den beste tilgjengelege kunnskapen i system.

Styret meiner det er blitt arbeidd godt med beredskapsplanen, og ein stillar seg bak planen og dei foreslåtte retningslinjer for endring og revidering av planen. Ein støttar vidare fokuset på kontinuerleg forbetningsarbeid, under dette vektlegging av evaluering.

Styret ønskjer ved ein aktuell beredskapssituasjon å bli heldt orientert så godt som det lar seg gjere, særleg med tanke på om det er behov for å gjere vedtak knytt til ressursar eller anna. Styret opplevde at dette fungerte godt under den aktive delen av Covid 19-pandemien, særleg etter kvart når ein fekk på plass eit godt system for dette.

Styret bad om å få lagt seg føre ein tydelegare tidsplan for når dei ulike delplanane skal arbeidast med. Styret er opptekne av å vite kva tid styret skal inn i dei ulike prosessane, og bad om at dette går inn i tidsplanen. Styret bad vidare om å få lagt seg føre ein årleg status for dette arbeidet – enten som ei temasak eller som del av tertialrapport.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest RHF godkjente revidert Regional helseberedskapsplan for Helse Vest.
2. Regional helseberedskapsplan for Helse Vest skal operasjonaliserast gjennom planverket til kvart enkelt helseføretak med sjukehus, Sjukehusapoteka Vest, Helse Vest IKT og Helse Vest RHF, og inngå i kvalitetssystemet til verksemda.
3. Styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til retningslinjer for endring og revidering av Regional helseberedskapsplan med vedlegg.

Sak 013/23 Status for omlegging av revmatologitilbodet i Helse Vest

Oppsummering

Denne saka summerer opp status for oppfølging av vedtaka i styret i Helse Vest i sakene 32/18 og 09/19 om omlegging og utvikling av tilbodet til pasientar med revmatisk sjukdom i Helse Vest.

Det er ei positiv utvikling og ei tilfredsstillande framdrift for omlegginga både når det gjeld opptrapping av revmatologitilbodet i Helse Stavanger, utvikling av tilbodet til barn og unge med revmatisk sjukdom og innanfor revmakirurgi.

Det regionale fagnettverket for revmatologi, som blei oppretta i 2019, bidrar på ein god måte i oppfølginga av styrevedtaka om omlegging av revmatologitilbodet i Helse Vest. Arbeidet i nettverket bidrar til å styrke og forbetre samarbeidet mellom fagmiljøa ved sjukehusa i regionen. Dette blir også bekrefta av oppdaterte ROS-analysar.

Styret meiner det er gjort eit grundig og godt arbeid i saka. Styret meiner det er viktig å ha eit tett samarbeid på tvers ved endringar i kva tilbod dei ulike aktørane skal bidra med.

Styret bad om å få lagt seg føre sak om ortopedi i Fonna-regionen, tentativt etter sommaren 2023.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest tok saka til orientering.

Sak 014/23 Tilstandsgrad for eigedomane i Helse Vest

Oppsummering

Utgangspunkt for saka er krav i føretaksprototokoll til Helse Vest RHF og til helseføretaka i styringsdokumentet for 2022 om å sette mål for tilstandsgrad på sjukehusbygga og utarbeide verdibevarande vedlikehaldsplanar. Helseføretaka har ein omfattande bygningsmasse som representerer store samfunnsmessige verdiar. Det er viktig å vise korleis desse verdiane blir teke i vare. Dette arbeidet har ein starta på.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest RHF gir si tilslutning til at det blir sett følgjande mål for tilstandsgrad for eigedomar tilhøyrande helseføretak:
 - a. *den vekta aggregerte tilstandsgraden for bygningsmassen skal ikkje vere dårlegare enn 1,2*
 - b. *ingen bygningsdelar eller komponentar som inngår i målinga skal ha tilstandsgrad 3*
2. Styret i Helse Vest RHF sluttar seg til det arbeidet helseføretaka gjer for å nå målet som er sett for tilstandsgrad for eigedomane i regionen.
3. Styret ber om at krav til tilstandsgrad og krav til korleis helseføretaka skal arbeide for å nå mål for samla tilstandsgrad, blir tatt med i styringsdokumenta til helseføretaka for 2023.

Sak 015/23 Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 15. desember 2022

Oppsummering

Torsdag 15. desember 2022 kl. 11.00 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møtet vart halde på video som felles føretaksmøte for dei regionale helseføretaka.

I møtet vart følgjande saker behandla:

- Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Endring i driftskredittramma
- Sak 4 Retningsliner for leiarløn

Styret har merka seg at det var ein feil i oppstilling av namn på styremedlem i protokollen. Det er gitt beskjed til Helse- og omsorgsdepartementet om dette.

Administrasjonen informerte om at nye retningslinjer som er komme for leiarlønn vil føre med seg at ein må revidere dei gjeldande retningslinjene. Dette vil bli lagt fram for styret i mars 2023, i sak om styrande dokument. Behandling i føretaksmøte vil følgje etter dette.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF tok protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF den 15. desember 2022 til etterretning, med den endringa som er meldt inn til Helse- og omsorgsdepartementet knytt til feil i oppstilling av namn.

Sak 016/23 Oppdragsdokument og protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 17. januar 2023

Oppsummering

Tysdag 17. januar 2023 presenterte helse- og omsorgsminister Ingvild Kjerkol sitt styringsbodskap, politiske mål og forventningar til helseregionane i felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møtet blei halde på Kunnskapssenteret ved St. Olavs hospital i Trondheim, og digitalt. Same dag heldt statsråden sin sjukehusstale. Det samla styringsbodskapet til Helse Vest RHF for 2023 går fram av føretaksprotokollen frå føretaksmøtet 17. januar 2023 og oppdragsdokumentet for 2023.

Helse Vest RHF har fått ansvar for leing av fleire større interregionale oppdrag. Administrasjonen er i ferd med å forankre mandat og sette ressursar på dei ulike oppdraga, både dei som skal løysast interregionalt og regionalt.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF tok oppdragsdokument og protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF den 17. januar 2023 til etterretning.

Sak 017/23 Styringsdokument 2023 til helseføretaka og Helse Vest IKT AS

Saka var drøfta med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Oppsummering

Styringsbodskapet til helseføretaka og Helse Vest IKT AS blir årleg formidla gjennom styringsdokumenta. Styringsdokumenta klargjer overordna mål, oppgåver og rammer for bruk av middel, og prioriteringar innan dei fire hovudoppgåvene pasientbehandling, forskning, utdanning av helsepersonell og pasientopplæring. I tillegg inneheld dokumentet økonomiske og organisatoriske krav.

Styret i Helse Vest RHF fekk i styremøte i desember 2022 høve til å gi innspel til konkrete styringsbodskap til helseføretaka og Helse Vest IKT AS, jf. styresak 122/22. Administrasjonen har innarbeidd innspela i styringsdokumenta.

Styret merkar seg at det knytt til nokre av måla er behov for ei utvikling over lenger tid. Mellom anna gjeld dette arbeidet med å redusere tvang. Dette må ein ha med seg opp mot prinsippet om at tidlegare gitte krav i utgangpunktet ikkje blir gjentekne. Styret meiner det er ein god balanse i styringsdokumenta mellom krav vidareført frå Helse- og omsorgsdepartementet og krav frå Helse Vest RHF.

Styret bad om to endringar i dei utkasta som blei lagt fram:

- Med bakgrunn i vedtak i sak om konsernbudsjett legg ein inn ei formulering i kapittel 9.1 der ein viser til sak 006/23 og vedtakspunkt 10 i denne saka.
- Ein ber om at det blir lagt inn ei tydeleg formulering knytt til at helseføretaka må arbeide aktivt med førebygging av grenseoverskridande åtferd.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2023 for Helse Stavanger HF med dei endringar som kom fram i møtet.
2. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2023 for Helse Fonna HF med dei endringar som kom fram i møtet.
3. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2023 for Helse Bergen HF med dei endringar som kom fram i møtet.
4. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2023 for Helse Førde HF med dei endringar som kom fram i møtet.
5. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2023 for Sjukehusapoteka Vest HF med dei endringar som kom fram i møtet.
6. Styret i Helse Vest RHF vedtek styringsdokumentet for 2023 for Helse Vest IKT AS med dei endringar som kom fram i møtet.

Sak 018/23 Riksrevisjonen sin kontroll med forvaltninga av statens interesser i selskap – 2021 Dokument 3:2 (2022–2023)

Oppsummering

Riksrevisjonen la i november 2022 fram rapport om *Riksrevisjonens kontroll med forvaltningen av statens interesser i selskaper – 2021*.

Saka gjer kort gjort greie for saksforhold i rapporten med relevans for styret i Helse Vest RHF. For meir inngåande opplysningar blir det vist til sjølve rapporten, som er lagt ved styresaka.

Styret opplever at det blir arbeidd aktivt med dei forholda som går fram av rapporten.

Det vil bli lagt fram ei sak for styret i det første styremøtet etter sommaren 2023 med prinsipp og prosess for val av styre i helseføretaka. Styret ønsker at det blir lagt fram ei sak før sommaren 2023 der styret får peike ut sitt arbeidsutval.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 019/23 Protokollar frå møte i revisjonsutvalet

Oppsummering

Styret meiner at det blir arbeidd godt med temaet risiko og læring på tvers, og at det går føre seg nyttige diskusjonar knytt til dette.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok protokoll frå møte i revisjonsutvalet den 21. november og den 7. desember 2022 til orientering.

Sak 020/23 Orientering frå det regionale brukarutvalet

Oppsummering

Ny leiar av brukarutvalet takkar for tilliten med å leie utvalet. Mange medlem i utvalet er nye, og utvalet er i ferd med å finne si form. Brukarutvalet har fått ei god innføring frå fungerande administrerande direktør om ulike forhold i Helse Vest RHF.

Brukarutvalet arbeidar med å fylle dei ulike rollene i ulike prosjekt og initiativ. Ein opplever god læring i å delta i stadig nye nasjonale og regionale prosjekt, og at ein bidrar med den relevant brukarmedverkinga prosjekta skal ha.

Brukarutvalet har hatt psykisk helsevern og TSB oppe som tema, og det blir uttrykt bekymring frå deltakarar i prosjekt knytt til den tida det kan ta før det blir påpeikt brot på regelverk (t.d. internrevisjonen sin rapport i september 2021) til forholda blir tatt tak i. Særleg gjeld dette pasientar med alvorlege og samansette lidingar. Administrasjonen tar med seg denne tilbakemeldinga i vidare arbeid. Ein kan med fordel diskutere dette i framtidige RBU-møte.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok orienteringa frå det regionale brukarutvalet til orientering.

Sak 021/23 Eventuelt

Marie Skontorp og Egil Olsen deltok på sitt siste styremedlemmer i styret i Helse Vest RHF, og blei takka av med blomar. I styremøtet i mars deltek nye styremedlemmer valt av og blant dei tilsette.

Nye styremedlemmer som formelt sett blir valt som styremedlemmer for kommande periode 22. februar, var også inviterte til å delta på middag og styreseminar.

Skriv og meldingar

Skriv 01 – Referat frå møte i RBU 30.11.2022.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok skriv og meldingar til orientering.

Ref. 15.02.2023 Randi Nisja Heskestad

Agnes Landstad Styreleiar

Olin Johanne Henden Nestleiar

Gunnar Berge Medlem

Anne Karin Hamre Medlem

Oddvar Kaarbøe Medlem

Solfrid Borge Medlem

Tord Anton Haaland Medlem

Wenche Kristin Røkenes Medlem

Marie Skontorp Medlem

Egil Olsen Medlem